

## Entreprenørskapsmessa 2017 i Høyanger

# «Stol på gutta» gjekkk heilt til topps

**Elevbedrifta «Stol på gutta» frå Høyanger skule gjekkk heilt til topps for beste stand under entreprenørskapsmessa i Høyangerhallen.**

Ytre Sogn Arvid Fimreite  
arvid.fimreite@ytreogn.no

Marius Stølen, Torleif Lie, Mathias Hundershagen Fredriksen, William Arne Johannes Rolland, Abdiaziz Abdullahi Hassan og Henok Samson hadde stand i Høyangerhallen med sine terrasse- stolar. Dei var laga av brukt materiale som dei hadde fått, så her snakkar vi om gjenbruk. Gutane har laga malar slik at det er lettare for dei om det skal produserast fleire slike stolar.

Efter trykkt frå publikum å domme var nok dette eit av dei meir populære produkta i hallen denne dagen. Folk ville prøvesitte. Alle stolane til gutane var allereie selt på forhånd. Ein kunne få stolane ubehandla for 800 kroner og behandla for 1 000 kroner.

### Vertskommune

Den niande entreprenørskapsmessa vart halden i Høyanger tors-

dag denne veka. Om lag 600 ungdomsskuleelevar frå kommunane i Sogn regionråd møttes for å vise sin kreativitet på stands i Høyangerhallen.

Høyanger kommune var vertskommune i samarbeid med Sogn regionråd og Ungt entreprenørskap. Alle 8. klasseelevar i dei ni regionråds kommunane deltok. Konferansierar var Silje M. Ruskedal, Jonas N. Aardal, Patrick Fredriksen og Marius V. Fossen.

### Høyangersangen

Efter at born frå Høyanger hadde framført Høyangersangen, Ingvild Kvamme hadde syngt songen Summer-time Sadness og Thea Gunnarskog hadde syngt La vie en rose av Edith Piaf, var det klart for opningstale frå ordførar Petter Sortland.

—Endeleg er det vår tur, sa Sort-

land. Eg vil på vegner av Høyanger kommune og Høyanger skule ønske alle hjarteleg velkommen til Høyanger. Dette er den niande messa i regi av Sogn regionråd. Det er mykje ungdommar her i dag. Om lag 430 elevar, hovudsakleg 8. klassingar som skal på bedriftsbesøk og ein 70 til 80 9. klassingar som skal ha stand. Dette i tillegg til andre elevar frå Høyanger som har vertsroller i løpet av dagen, slik at vi er nær 600 elevar frå Sogn regionråd som er samla.

Dere skal alle få ein smakebit av kva vi lever av i Høyanger og kva vi kan tilby våre innbyggjarar. Basen for dagen blir her i Høyangerhallen, der opning og avslutningsokta skal gå føre seg. Her vil og dei ulike elevbedriftene ha si utstilling. I kinosalen i samfunnshuset skal vår eigen Espen Løbo Solhaug fortelje si historie som gründer. Dere skal få besøke bedrifter i Høyanger og sjå kva dei syslar med og alle vil få hjelp av lokale guidar som viser veg til dei lokale bedriftene.

Ytre Sogn tok turen til alle stands i hallen og mangfaldet var stort. I tillegg til «Stol på gutta» stoppa vi opp med «Matgruppa».

### Matgruppa

Benjamin Vågen, Pet-Siam Stølen, Eurora Løland, Mia Nese, Tilde Ullebo og Julia Kuchciak har ei matgruppe saman.



Prisen for beste nærmiljø vann dei tre gutane i elevbedrifta «H.E» for hefte dei hadde samla ord og uttrykk frå nærmiljøet.

(Foto: Anne Lene Hansen Våge)

—Vi skreiv ned ein ide vi hadde om mat og servering. Vi har drive litt kafé under konsertar her i Høyanger tidlegare. Vi har og vore kantine på skulen. Det har vore ein suksess, seier dei.

### Imponert ordførar

Ordførar i Lærdal, Jan Geir Solheim, sa til Ytre Sogn at han var imponert og at han syntest det vart betre og betre for kvar gong. Den kreative sida til elevane har tatt av og det er gledeleg, sa han.

Ordførar og leiar i Sogn regionråd, Petter Sortland, gjekkk rundt i Høyangerhallen og strålte i kapp med sola.

Elevbedrifta «Stol på gutta» vann prisen for beste stand.

—Det er heilt fantastisk å vinne denne prisen, og eg kan nok svare på vegne av alle i bedrifta vår at vi er utruleg stolte, seier Torleif Lie.

(Foto: Anne Lene Hansen Våge)



Det vart rift om sommarstolane. Alle ville prøve og hadde dei hatt fleire ville dei fått selt dei i Høyangerhallen.



Det var mykje folk i Høyangerhallen under entreprenørskapsmessa 2017.



Elevbedrifta «Smitt og smule» frå Aurland i tillegg til å vinne prisen for beste klima og miljøtiltak, vart dei kåra til årets elevbedrift.

(Foto: Anne Lene Hansen Våge)



«THJ» småjobbar vann prisen for beste elvbedrift (sal).

(Foto: Anne Lene Hansen Våge)



Matgruppa med Mia Kimberly, Benjamin Vågen, Pet-Siam Stølen, Eurora Løland, Mia Nese, Tilde Ullebo og Julia Kuchciak



Borna opna messa med å syngje Høyangersangen.



Jentene i elevbedrifta «Sundrive» frå Årdal vann prisen for beste ide.

(Foto: Anne Lene Hansen Våge)



Flott framsyning av jentene i dansgruppa Alladin Squad frå Høyanger

(Foto: Anne Lene Hansen Våge)



Ordførar i Høyanger og leiar i Sogn regionråd, Petter Sortland opna Entreprenørskapsmessa 2017.



Ordførar i Lærdal, Jan Geir Solheim, sa til Ytre Sogn at han var imponert og at han syntest det vart betre og betre for kvar gong.